

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8019 Dep  
0030 OSLO

Sakshandsamar  
Marte Nygård Varpe

Vår dato  
04.11.2025

Dykkar dato

Dykkar ref.

## Høyringsvar - forslag til ny forskrift om tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Viser til høyring av 26. september 2025 der Arbeids- og inkluderingsdepartementet har lagt fram forslag til endring av forskrift om tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har ansvar for å forvalte fleire tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar. Til dette arbeidet ligg blant anna forvaltninga av momskompensasjonsordninga. Vi har også bidratt i arbeidet med revidering av Kultur- og likestillingsdepartementet sin rettleiar [Forenkling av statlege tilskotsordningar til frivillige organisasjonar](#).

Det er positivt å sjå at det er tatt utgangspunkt i rettleiaren ved revidering av omgrep. Ein føresetnad for forenkling og gjenbruk av informasjon er at forvaltninga har ei felles forståing av kriterium for tildeling og måloppnåing. Derfor treng vi felles definisjonar.

Vi støttar også departementet sitt forslag om å fjerne kravet om at ein kvar tilskotsmottakar som mottar tilskot på 200 000 kroner eller meir skal levere revisorbekrefta årsrekneskap. Revisjon kostar pengar og tar tid for organisasjonane. Forslaget til departementet om at tilskotsforvaltar sjølv skal vurdere om det skal stillast krav om revisorbekrefta rekneskap ut i frå ei konkret risiko- og vesentlegvurdering, er i tråd med dei råda som er gitt i rettleiaren.

Ved gjennomgang av høyringsnotatet og forslag til ny forskrift har vi likevel nokre forslag til forenkling og presisering. Vi vil utdjupe desse i det følgande.

### Forslag til forenkling og presisering

Det er eit mål at søkarar og mottakarar berre skal måtte levere informasjon til forvaltninga éin gong. Departementet må derfor vurdere korleis informasjon om søkaren kan skaffast på ein enkel måte. Vi foreslår at det ikkje skal vere krav om å legge ved årsrekneskapen i søknaden for rekneskapspliktige organisasjonar, jf. § 2-2 andre ledd bokstav f. Rekneskapsregisteret inneheld årsrekneskap frå alle rekneskapspliktige organisasjonar i Noreg, og vi anbefalar derfor at forvaltaren hentar årsrekneskapen direkte frå Rekneskapsregisteret framfor å be om det i søknadsskjemaet. De kan laste ned årsrekneskapen gratis i tenesten [Verksemdopplysningar](#) på Brønnøysundregistra sine nettsider.

Den 2. juni vart det gjort [vedtak om ny lov om Einingsregisteret](#) som trer i kraft 1. januar 2026. Av § 2-1 (4) går det fram at offentlege organ «skal» bruke opplysningar som er registeret i Einingsregisteret, i si verksemd. Einingsregisteret er ein nasjonal felleskomponent, og det blir no lovfesta ein plikt til å gjenbruke opplysningar om bl.a. adresse og organisasjonsnummer. Vi anbefalar derfor at § 2-2 bokstav a korrigrast i tråd med dette.

Vi gjer merksam på at det ved [ny revisorlov 1. januar 2021](#) berre er éin kategori av godkjente revisorar, jf. § 16-2. Registrerte revisorar vart då lova tredje i kraft, statsautoriserte revisorar. Teksten i § 3-1 tredje ledd må oppdaterast.

**Utllysing av tilskotsordninga**

Det skal vere lett å vere og drive frivillig. Vi vil derfor avslutningsvis sterkt tilrå at tilskotsordninga blir utlyst på [tilskudd.no](https://tilskudd.no) (slik den blir i dag) og at dette blir forskriftsfesta. Ei samla oversikt over tilskotsordningane vil spare søkarane for tida det tar å sjekke ulike nettstader og informasjon hos ulike forvaltarar. Vidare vil det sikre at organisasjonane lettare finn dei aktuelle tilskotsordningane.

Utover det ovannemnde har ikkje Lotteri- og stiftelsestilsynet kommentarar til forskrifta.

Med helsing

Marte Nygård Varpe  
rådgiver jurist

Marianne Skjeldestad Hove  
avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*